



Kvassnesvegen 33 AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/909 - 19/9127

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2019

Etterlyser årsrapport oljeutskiljar - GBNR 188/384 Kvassnesvegen 33, Gjervik Ytre

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport oljeutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport til kommunen var 01.02.2019 (*jf. vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt leidningsnett*).

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har **Kvassnesvegen 33 As** hovudansvar for at det vert sendt inn årsrapport for anlegg ved Kvassnesvegen 33 (gbnr 188/384). Årsrapporten skal dokumentere at anlegg er tømt og vedlikehalde iht krav for å ha anlegg på kommunalt avløpsnett og at anlegg stettar krav til utslepp (forureiningsforskrifta § 15-7).

Vi ber om at årsrapport for driftsår 2018 vert sendt inn snarast.

Lindås kommune skal føre kontroll med anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt leidningsnett. Det viktig at kommunen har kontroll over anlegg slik at ein unngår at olje vert ført ut på leidningsnettet og påfører dette og pumpestasjon/reinseanlegg skader. Olje i leidningsnett påfører kommunen store drifts- og vedlikehaldskostnader. Dette er kostnader som kommunen må få dekket inn gjennom kommunale gebyr eller ved å fakturere den som er ansvarleg for utslepp.

Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande årsrapportering ser vi behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikehaldsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Kvassnesvegen 33 (gbnr 188/384). Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Kvassnesvegen 33 AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ